

**Fra:** Utdanningsforbundet Forde [post@Forde.utdanningsforbundet.no]

**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 11.03.2016 09:08:15

**Emne:** Viktige saker frå Utdanningsforbundet i Førde

**Vedlegg:** Avskilting av lærarane.docx; System for integrering.docx

Hei!

Utdanningsforbundet i Førde hadde årsmøte 26.februar med ca.130 medlemmer tilstade frå skule og barnehage. Vi fekk inn ulike saker frå medlemmane våre, som vi i lokallaget har skrive om til fråsegnere. To av fråsegnene ynskjer vi å dele med fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane (sjå vedlegg). Vidaresend gjerne fråsegnene til politikarane.

- **Avskilting av lærarane.** Fråsegna gir informasjon om dei nye krava til kompetanse som er kome i norsk skule, den tilbakeverkande krafta som kom over "natta", og kva konsekvensar dette har å seie for kommunen, elevane og lærarane. Vi kjem og med forslag til løysing i fråsegna. Lærarane er ikkje i mot kompetanseheving, men ser på avskilta med eit pennestrøk som ei stor økonomisk og personalpolitisk utfordring. Ikkje minst vil dette bli ei utfordring for elevane det neste tiåret.

- **System for integrering.** Fråsegna peikar på at vi har gode system for ordinær opplæring i vidaregåande skule i Førde, men vi er ikkje tilstrekkeleg rusta for å møte den straumen av flyktningar og asylsøkjarar som no kjem. Vi skisserer ei løysing på korleis vi best mogeleg kan ta i mot dei nye ungdommane i Førde, og sikre dei ei god språkopplæring og integrering.

Ta gjerne kontakt om de lurer på noko, eller om de ynskjer meir informasjon.

Med vennleg helsing

*Rønnaug Dvergsdal*

Lokallagsleiar

Utdanningsforbundet Førde

Boks 338

6802 FØRDE

Mob: 99 22 42 57

**E-post:**

[post@forde.utdanningsforbundet.no](mailto:post@forde.utdanningsforbundet.no)

**Nettside:**

<http://www.utdanningsforbundet.no/Fylkeslag/Sogn-og-Fjordane/Lokallag/Forde/>